

Uttale til fylkesårsmøtet Hordaland Nei til EU, 15. mars.

Toril Mongstad

Alternativ til EØS må utgreiast.

Hordaland Nei til EU vil stilla krav om at Stortinget vedtar å greia ut alternativ til EØS-avtala. Me vil ikkje lenger finna oss i at diskusjonen om reelle alternativ til EØS-avtala vert avfeia og lagt lokk på av dei folkevalde som er for avtala.

Det er ei aukande interesse for korleis EØS-avtala verkar og grip inn i ulike politikk- og samfunnsområde. Både motstandarar og tilhengrarar fremjar synspunkta sine i presse og media, og i debattar i ulike fora. Hordaland Nei til EU er glad for denne utviklinga. EØS-avtala har altfor lenge levd sitt eige liv, skjerma for merksemeld og kritiske blikk. Temaet har ikkje fått stor plass i valkampar og både Storting og Regjering skyr unna når det vert stilt spørsmål om alle dei direktiva, lover og reglar som EU vedtek og som politikarane våre godtek utan motstand. Vetoretten, det å kunna reservera seg mot det som kjem frå EU via EØS-avtala, har vore ein rett som har lagt i dvale så lenge me har hatt avtala.

Og – det som er nesten endå verre er at ei kvar regjering, utgått av Høgre eller Arbeiderpartiet, har avvist eit kvart alternativ som kunne ha erstatta EØS-avtala. Etter deira syn finnes det ikkje alternativ, og det er lett for dei å stempla meiningsmotstandarar som naive, ukloke, unrealistiske, ja rett og slett farlege for landet.

Her få dei brei støtte frå NHO og faktisk også frå ein del forbund i fagrørsla. Me kjenner igjen skremmelspropagandaen frå 1972 og 1994, og me trur like lite på han no som den gong, rett og slett fordi det viste seg å berre vera nettopp skremsel.

Det finnes alternativ. Me er ein av dei 164 medlemmene i WTO, og går me bort frå EØS vil handel til og frå Norge regulerast av WTO-regelverket. I tillegg har me frihandelsavtalen frå 1973, den er sist oppdatert i 2011, og der den ikkje er dekkande vil WTO ta over. Internasjonale reglar for handel seier at me ikkje kan straffast med toll som ligg over det som alt er bestemt, det er godt å vita om me seier opp EØS-avtala. I tillegg har me handel med mange land utanfor EU, og her går det føre seg handel mellom likeverdige partar. Det er berre tre land utanfor EU som automatisk (så lenge vetoretten ikkje vert brukt) må innlemma EU sine lover og reglar som sitt eige lov- og regel-verk. I tillegg vil me ved å gå ut av EØS-avtala få tvisteløysingsordningar stat-stat, ikkje investor-stat som i EØS-avtala.

Me må heller aldri gløyma det absolutt viktige at land handlar med kvarandre ut frå kva varer og tenester dei har behov for og kva dei kan tilby i marknaden. Norge har råvarer, gode produkt og tenester som andre land etterspør. Ein likeverdig handelsavtale endrar ikkje på dette.